



Møtebok
IS Fjordvegen Rute 13
Styremøte 07.12.2012
Stad: Hotel Ullensvang, Lofthus
Klokka 10.00 – 12.40

Møtte:

Arne Kleppa, Sigbjørn Hauge, Marta Finden Halset, Bjørn Laugaland, Per Kåre Foss og Jan Ivar Rødland.

Forfall: Einar Horvei, og Anders Ryssdal.

Sekretariatet: Leiv Vambheim og Trude Rinaldo frå Hardangerrådet.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste. Møtet er lovleg sett.

Sakliste:

Sak 01/13 Status etter sist møte ved sekretariatet

Dagleg leiar Leiv Vambheim gjekk gjennom status. Nytt: Balestrand kommune har no bede dagleg leiar om å orientera om IS Fjordvegen på møte den 20.06.2013.

Frå drøftinga:

Me må vera klare til jobbing mellom 15.april og 18. juni i samband med NTP. Fylkesvise aktivitetar med IS Fjordvegen Rute 13 som støttespelar.

Sak 02/13 Avtale med Hardangerrådet iks

Frå debatten:

- Selskapet må spissa budskapet sin og vera tydelege av kva føremoner medlemmer vil få i selskapet.
- Medlemsvervinga må også venda seg til maskinentreprenørar, transportselskap reiseliv etc.

Vedtak:

Styret i IS Fjordvegen Rute 13 godkjenner avtalen mellom IS Fjordvegen Rute 13 og Hardangerrådet iks slik han ligg føre etter korrigeringar i styremøtet.

Sak 03/13 Nye vedtekter. Drøfting.

Styret drøfta framlegg til vedtekter punktvis og kom med endringar.

Vedtak:

Endeleg framlegg til nye vedtekter til Årsmøtet vert tilrådd på neste styremøte.

Sak 04/13 Årsmøte 2013 med fagdøl.

Styret drøfta Årsmøtedato og fagdøl og hadde slike innspel:

- Vegplanlegging og vegfinansiering – høna eller egget. Invitera Vegdirektør Terje Moe Gustavsen. Arne Kleppa tek kontakt.
- Styreleiar orienterer om kva selskapet har gjort for NTP-en og vil arbeida for framover.
- Vegtilsynet sin rolle i samfunnet? Orientering ved Vegtilsynet. Sigbjørn Hauge tek kontakt.
- Discovery Route . Barbara Utne vert invitert. Leiv tek kontakt.
- Den indre Fjordvegen. Paneldebatt med 1 frå kvart parti geografisk fordelt frå dei 3 fylka. Invitera utplukka Stortingsrepresentantar. Dette ventar ein med til avklaring frå Vegdirektøren.

Vedtak:

1. **IS Fjordvegen Rute 13 held Årsmøte 06.06.2013 med fagdel frå klokka 10.00 på Voss. Sekretariatet hentar inn tilbod på møtefasilitetar og overnatting.**
2. **Fagdelen vert eit ope møte og får slikt innhald og slike invitasjonar:**
 - **Vegplanlegging og vegfinansiering – høna eller egget. Invitera Vegdirektør Terje Moe Gustavsen. Arne Kleppa tek kontakt. Debatt.**
 - **Styreleiar orienterer om kva selskapet har gjort for NTP-en og vil arbeida for framover.**
 - **Vegtilsynet sin rolle i samfunnet? Orientering ved Vegtilsynet. Sigbjørn Hauge tek kontakt.**
 - **Discovery Route . Barbara Utne vert invitert. Leiv Vambheim tek kontakt.**

Sak 05 /13 Arbeidsplan 2013/2014. Drøfting.

Framlegget til ny arbeidsplan vart orientert om.

Vedtak:

Dagleg leiar korrigerer dokumentet og legg det fram for neste styremøte til drøfting. Det viktige er å utarbeida ein prioritert handlingsplan.

Sak 06 /13 Marknadsplan og PowerPoint. Gjennomgang

Vedtak:

Dagleg leiar sender ut framlegg til PowerPoint-presentasjon for bruk av styremedlemmer for å «selja inn» selskapet hos medlemmer og potensielle medlemmer.

**Sak 07 /13 Fast post:
Gjennomgang av status for RV 13.**

Sogn og Fjordane:

- Ventar på NTP-en og om Vikjatunnelen er med.
- Reguleringsplan for Vik – Bødalen er ferdige.

Hordaland:

- Kommunedelplan for Lundarosen – Opheim er godkjent
- Aksjon på E 16.
- Vangstunnelen er i rute – opning juni 2013
- Arbeidet ved Skulestadmoen er starta opp,
- Jobergtunnelen – Usikkert om ein får ta dette som del av Vossapakken.
- Vallaviktunnelen har hatt ein del vanskar med straumtilførsel og stenging.
- FV 7 tilførselsveg Rv 13 får to nye tunnelar ved Haukanes og Lussand.
- Opning av Hardangerbrua i juni eller august 2013

Rogaland:

- Første salven i Ryfast er sprengd. Opning er tenkt 2019. .
- Tunnelen ved Tysdalstranda er klar i 1. nov og det vert arbeid med forlenging.
- Tilførselsvegar til Sandsfjord bru er under arbeid. Bruopning Mai 2015.
- Det kjem reguleringsarbeid Erfjord – Sand.

NESTE STYRMØTE 30.APRIL 2013 PÅ LOFTHUS